

Referat frå foreldremøte på 4. trinn 18.3.26

Tilstades: 35 foreldre, Valbjørg , Barbro og Margrethe

1. Konsentrasjon og læring i ein digital skulekvardag

Rektor Sigrid Hinnaland Kjetland orienterte om digital praksis i Timeskulen og plan for digitalisering i oppvekst i Time kommune.

Ho snakka litt om korleis utviklinga har vore digitalt sidan 2013, og kva rutinar me har i Timeskulen i.f.h. bruk av digitale læringsverktøy.

Elevane sine lærebrett er «white-lista» frå 1.-4. klasse og «black-lista» frå 5.-10. klasse. Kommunen har og føringar om at elevane sine matpausar skal vera skjermfrie. Smartklokker og mobilar skal heller ikkje nyttast på skulen. Dersom dei må vera med ein sjeldan gong skal dei vera avskrudd/skolemodus.

På Lye skule var me tidleg ute med å testa ut at kvar elev har eige lærebrett, og har gjort oss mange gode erfaringar med bruk av digitale læringsverktøy, men me har valt å vera hybride. Me har alltid lagt vekt på analog skriving og bruk av fysiske lærebøker i tillegg til digitale verktøy. Dei nye føringane frå regjeringa endrar ikkje vår praksis noko særleg.

Rektor snakka og om at barn blir stressa av å vera pålogga på mobil i fritida. Mange elevar brukar mykje av fritida si på «nett» og blir stressa fordi dei er redd for å «gå glipp» av noko. Dei treng hjelp av vaksne til å begrensa seg. For mykje skjermbruk går ut over søvn og konsentrasjon. Rådet er å la soverommet vera mobilfritt når barnet legg seg.

2. Informasjon om Olweusprogrammet

Valbjørg informerte om Olweusprogrammet.

Dei første åra bruker Lye skule «Zippiprogrammet» i antimobbearbeidet, men frå 4. klasse går me over til Olweustimar.

Lye skule er ein sertifisert Olweusskule, og bruker Olweusprogrammet for å førebyggja mobbing og handtera mobbing/krenking på ein måte som forskning viser er gode måtar å jobba med problemet på for å ivareta såra elevar på best mogleg måte.

Å vera sertifisert Olweusskule stiller krav til korleis arbeidet med å førebyggja mobbing og krenking skal gjerast i klassane, kompetansen til dei vaksne på skulen og korleis ein handterer krenkande elevatferd og elevar som opplever å bli mobba. Me har Olweusmøte anna kvar veke. Målet er at elevane skal kjenna att kva mobbing er, korleis dei kan vera med på å stoppa det og unngå å vera med på det. Årleg er elevane på 4.-7. trinn med på ei

Olweusundersøking for at me skal kunna avdekka mobbing og løysa mobbeproblematikk. I veke 12 gjennomførte me undersøkinga på 4. trinn. Det er viktig at heimen tek kontakt med kontaktlærar om ein har mistanke om at barnet blir mobba. Er det vanskeleg å ta ein telefon kan ein bruka Visma eller «mobbeknappen» på heimesida.

Referat frå foreldremøte på 4. trinn 18.3.26

3. Lesing

Margrethe snakka om korleis me jobbar med lesing på 4. trinn og kva foreldra kan bidra med.

Leseresultata i Noreg synk, til tross for at me veit at lesedugleik er viktig for å meistra mange oppgåver i livet godt. Det er mange faktorar som kan spela inn.

For at elevane på 4. trinn skal utvikla seg som lesarar er det viktig å bruka tid, øva opp lesekondisen og skapa engasjement for lesing.

Me må bruka tid på lesing og les tekstar i alle fag. Varierer korleis me øver lesing. Me har dagleg lesekvart eller AskiRaski-kvart. Heime er det viktig at foreldra oppmuntrar til lesing...lekser, bøker, aviser m.m. 9-10 åringar likar å bli lest for, og har stort utbytte av å bli lest for.

Lesekondis, det å halda ut om me synest ein tekst er litt kjedeleg eller lang, er viktig for å bli ein god lesar. På same måte som i idrett må me trenast for å få god lesekondis. Og kunna leita i ein tekst etter svar.

Etter påske skal me ha «lesestyrk» på 4. trinn for å øva lesekondisen og teknikken. Meir informasjon kjem på vekeplanen.

4. Nasjonale prøvar

Nasjonale prøvar er obligatoriske kartleggjingsprøvar på 5.trinn i lesing, engelsk og rekning. Dei skal gjennomførast i løpet av september 2026.

Prøva vert gjennomført digitalt.

Resultatet blir gitt på individnivå, gruppenivå og skulenivå, og det er 3 meistringsnivå.

Me vil begynna å øva før sommarferien. Det vil gjera elvane tryggare på prøveforma og dei vil få kjennskap til ulike oppgåvetypar.

Prøva i lesing og rekning er på 90 minutt, og engelskprøva er på 60 minutt.

Elvane må og trenast på vera uthaldande og kunne arbeida konsentrert. Det ligg eksmpeloppgåver og prøvar frå tidlegare inne i UDIR, nasjonale prøvar. Me vil leggja ut lenker når me byrjar å øva på skulen.

5. Val av trinnkontaktar skuleåret 26-27

5a: Mariann Espeland og Hanne Jorunn Egeland (vara)

5b: Ida Martinussen og Laila Fuglestad (vara)

5c: Monica Dalen-Haugland og Karoline Holen (vara)

Valbjørg, Barbro og Margrethe

Referat frå foreldremøte på 4. trinn 18.3.26

-referentar-